



Gunnhild fyller på med ferske reker

**Med eit snittbesøk på 100 var det rundt 800 gjester på skaldyraften i Systrene Nilsen og det vart fjorårets største suksess. Og at det kom 60 på opningskvelden i dag kan tyde på at dette vert den største suksessen også i denne sesongen.**

**I alle fall kjem det til å verte avvikla 8 slike aftener. Men ettersom den spanske kokken Pedro er på plass kjem dei til å variera med tapas frå starten på juli.**

**Restauranten opnar forresten klokka 14 idag.**

På opningskvelden kunne Systrene Nilsen frista med ferske Lerøyreker frå Sørlandet og dommen frå publikum var udelt positiv. Det var ei fin oppleving å nyta sjømaten i sjøkanten i den lune sommarkvelden.

Gunhild var også svært fornøgd med opningen av sommarsesongen generelt. Denne veka har dei hatt 4 godt besøkte private arrangement - for Kvinnherad Energi, Kvinnherad Breiband (med 95 gjester), for Svein Sunde som sluttar som lærar og arrangement for vidaregåande lærarar på Stord som kom sjøvegen.  
-Dette er svært lovande, seier Gunnhild..

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen